
Saksnr: 2020/45559-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein er komme ein god del lenger i forbedringsarbeidet enn ved forrige rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 6, 7, 8 og 9 til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.

Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og ved eit tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 03.10.2018. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den fjerde oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon innan beredskap på fylkesvegnettet - ny statusrapport

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

- 1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.*
- 2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgaver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.*
- 3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.*
- 4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.*
- 5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet*
- 6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottak opplæring knytt til eigen rolle.*
- 7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.*
- 8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.*
- 9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flom ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og ved 1 tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune der det i møte i kontrollutvalet 21.04.2020 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at det sidan sist rapportering er starta opp fleire positive forbettringsprosessar i den nye fylkeskommunen, når det gjeld beredskap på vegnettet.*
- 2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 1, 3, 4, 6, 7, 8 og 9 til møtet i utvalet i oktober 2020, med frist for levering til sekretariatet innan 28.09.2020.*
- 3. Av tilbakemeldinga må det gå fram dato på kvart punkt for når tiltaka skal setjast i verk, slik det går fram av punkt 10 i vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 03.10.2018.*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke notat dagsett 02.08.2020 frå fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, med ny og fyldig status for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan transportberedskap på vegnettet.

Av notatet går det m.a. fram at ein er komme ein god del lenger i dette forbetningsarbeidet enn ved forrige rapportering. Det er likevel slik at det framleis er noko arbeid som ikkje er heilt på plass. Det skal m.a. leggjast fram politisk sak om «Alternative transportløyningar ved stengd veg» som skal handsamast i fylkestinget 29.09.2020 og som ein i skrivande stund ikkje veit resultatet av. Det er også fleire av dei andre punkta som kan verta påverka av dette vedtaket og som skal gjerast ferdig i løpet av hausten 2020. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny tilbakemelding på status for punkta 1, 3, 6, 7, 8 og 9 til første møte i kontrollutvalet i 2021

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet merkar seg som positivt at ein er komme ein god del lenger i forbetningsarbeidet enn ved forrige rapportering når det gjeld beredskap på vegnettet.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet for punkta 1, 3, 6, 7, 8 og 9, til første møte i utvalet i 2021, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2021.